

Informasjon til føresette hausten 2020:

Fagfornyninga

Alle læreplanar for fag i grunnskulen og vidaregåande opplæring blir fornya. Dei nye læreplanane gjeld for 1.-9. trinn frå august 2020, 10. trinn følgjer gammal læreplan.

Det er innhaldet i faga som blir nytt, skulen skal tilby dei same faga som i dag. Overordna del erstattar generell del av læreplanverket og gjeld frå skulestart i 2020 for alle trinn. Overordna del skildrar kva verdiar og prinsipp grunnopplæringa skal byggje på. Dei grunnleggjande ferdigheitene er vidareført, men ansvaret for dei er gjort meir tydeleg.

Læreplanverket har tre tverrfaglege emne: *demokrati og medborgarskap, folkehelse og livsmeistring og bærekraftig utvikling*. Dette er ikkje eigne fag, men samfunnsaktuelle tema som inngår i læreplanane der dei er ein sentral del av kompetansen i faget.

Læreplanane er digitale, dei kjem ikkje i papirform. Alle fag er bygde opp slik at ein finn faget sin relevans og sentrale verdiar, kjerneelement, tverrfaglege emne og grunnleggjande ferdigheiter. Ein finn kompetansemål og vurdering for kvart fag, i tillegg til vurderingsordning.

Læreplanane har framleis kompetansemål, men omfanget skal reduserast. Det skal leggjast til rette for djupnelæring, og dei tre tverrfaglege emna skal integrerast i opplæringa slik at elevane skal utvikle ein grunnleggjande kompetanse i fag og på tvers av fag. Progresjonen i faga skal aukast og elevmedverknaden skal styrkast.

Dei nye læreplanane skal gje tydeleg retning, vere konsentrerte om det viktigaste elevane skal lære, og innebere betre samheng mellom fag og mellom fag og overordna del.

På heimesida til Skei skule finn de ei fane som heiter «*felles for alle skulane i Sunnfjord kommune*». På denne sida finn de «*faglenkjer for Sunnfjordskulen*». Om de går inn her ligg der faner for fag, i tillegg ei fane som heiter «*for føresette*». Her finn de mange nyttige lenkjer, mellom anna er der lenkje til «*udir.no*» viss de ynskjer å lese meir om fagfornyninga.

Helsing

Annette D. Natås

-rektor-